

Førebygging av RhD-immunisering ved hjelp av profylakse



Dersom blodprøven tatt av deg i svangerskapsveke 24 viser at barnet ditt også er RhD-negativt, treng du ikkje profylakse.

Viser blodprøven at barnet ditt er RhD-positivt, får du tilbod om profylakse i veke 28.

Injeksjonane består av anti-D immunglobulin. Det er ikkje vanleg å få biverknader av desse injeksjonane, men i sjeldne tilfelle kan det oppstå allergiske reaksjonar. Barnet tek ikkje skade av behandlinga.

Du vil få tilbod om to injeksjonar for å førebygge RhD-immunisering; den første injeksjonen på rutinekontroll i svangerskapsveke 28 hjå fastlege eller jordmor, og den andre injeksjonen innan 3 dagar etter fødselen.

For meir informasjon sjå
www.analyseoversikten.no eller
www.helse-bergen.no -
søkeord "føtal RHD-typing"

Til deg som er RhD-negativ

Profylakse i svangerskap



Du får denne informasjonen fordi

du i blodprøve tidlegare i svangerskapet er blodtypa til RhD-negativ.

I svangerskapsveke 24 blir det tatt ein ny blodprøve av deg.

Ved analyse av denne blodprøven er det mogeleg å finne kva RhD-type barnet ditt har. I tillegg utførast analyse for å sjå om du har danna blodtypeantistoff.

Svaret på desse analysane blir sendt til fastlege/jordmor og til blodbanken på nærmaste sjukehus med fødeavdeling, eller til blodbanken ved det sjukehuset der det er oppgitt på rekvisisjonen at du skal føde.



Kva er RhD blodtype?

Det finst mange ulike blodtypar som du har arva frå foreldra dine.

Viktigast er blodtypane innan ABO- og Rh-blodtypesystema.

Du er enten RhD-positiv eller RhD-negativ.

15 % av befolkninga er RhD-negative.

Kvifor er det viktig for deg?

Under graviditet og fødsel kan litt av barnet sitt blod komme over i mor si blodbane.

Er du RhD-negativ og barnet er RhD-positivt, kan du danne antistoff (av type anti-D) mot barnet sitt blod (immunisering).

Desse antistoffa kan passere over i barnet sitt blod. Dette er sjeldan eit problem i første svangerskap, men kan gi problem i seinare svangerskap.

Gravide kan også danne antistoff mot andre blodtypar. Da vil legen få beskjed om at du må følgast opp med ekstra blodprøver.

I nokre sjeldne tilfelle kan blodtypeantistoff føre til blodmangel og alvorleg sjukdom hjå barnet.

Dersom dette skjer, er det tilgjengeleg god behandling av barnet undervegs i svangerskapet.